

## Vedlegg 1

## Norsk kulturfond — Årsmelding 1978

## KAPITTEL I

## Organisasjon og verksemd

Norsk kulturråd legg med dette fram si fjortande årsmelding i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. prp. nr. 130 for 1964—65, III C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):  
«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

MEDELMEMMER AV NORSK KULTURRAD  
1977—80

Norsk kulturråd er skipa ved stortingsvedtak av 11. desember 1964, i samsvar med St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65 og endring ved kongeleg resolusjon av 24. september 1978.

Rådet har ni medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og fire medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for fire år. To av dei ni rådsmedlemmene vert oppnemnde ved kongeleg resolusjon etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund.

Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for  
1977—80:

Programredaktør Hartvig Kiran, Oslo  
Varamann: Direktør Bjørn Egeland, Oslo  
Grafikaren Anne Brevik, Oslo  
Varamann: Forfattaren Tordis Ørjaseter, Haslum  
Komponisten Arne Nordheim, Oslo  
Varamann: Musikaren Freydis Ree Wekre, Oslo  
Redaktør Audgunn Oltedal, Oslo  
Varamann: Husmor Marie Lovise Widnes Johansen, Hareid  
Forfattaren Kåre Holt, Holmestrand  
Varamann: Forfattaren Ebba Haslund, Blommenholm  
Rektor Edel Hætta Eriksen, Kautokeino  
Varamann: Kontorsjef Reidar Hirsti, Oslo  
Fylkeskonservator Halvor Landværk, Skien  
Varamann: Biblioteksjef Trine Kolderup Flaten, Førde  
Ass. overlækjar Wenche Frogm Sellæg, Overhalla  
Varamann: Lektor Ola Jonsmoen, Alvdal  
Lagerekspediter Håkon Johnsen, Trondheim  
Varamann: Skuleinspektør Bodil Skjånes Dugstad, Trondheim

## Oppnemnde av Stortinget:

Statsråd Bjartmar Gjerde, Oslo  
Varamann: Industrierbeidar Hanna Gjøsvund, Vigra  
Statsråd Kjølvi Egeland, Oslo  
Varamann: Skodespelar Jack Fjeldstad, Oslo  
Direktør Knut Berg, Oslo  
Varamann: Husmor Gerd Råheim, Gåsedd  
Professor Anton Skulberg, Spydeberg  
Varamann: Skuledirektør Henrik Bergem, Arendal.

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Programredaktør Hartvig Kiran.\*  
Nestformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Grafikaren Anne Brevik.

Hanna Gjøsvund og Jack Fjeldstad mæter fast for statsrådene Bjartmar Gjerde og Kjølvi Egeland.

## VEDTEKTER FOR NORSK KULTURFOND

fastsette av Stortinget 19. juni 1965.  
(Omsette frå St. prp. nr. 130, 1964—65.)

## § 1.

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

## § 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande andsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg kan få del i kulturgoda.

## § 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningslinjer som Stortinget har fastsett.

\* Etter Hartvig Kirans bortgang vart professor Edvard Beyer oppnemnd til nytt medlem av og ny formann i Rådet ved kongeleg resolusjon 1. september 1978.

## § 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

## § 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

RETNINGSLINJER FOR BRUKEN  
AV MIDLAR FRÅ NORSK KULTURFOND  
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunst og kulturvernet, og samstundes gjere kunst og kulturverdiene tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er særsestnaden at Rådet skal leggje særskilt vekt på:

- Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- Tiltak til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
- Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
- Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
- Stønad til finansiering av kulturbygg.
- Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrere utforming av omgivnadene vår.
- Tiltak som kan gi letta tilgjenge til god kunst og skape suksess for dei verda den gir.
- Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t.d. kunstlege innslag i nasjonale jubilé og minnehstider, og større eingongsturnear frå kunstinstitusjonar.

## REGLEMENT FOR NORSK KULTURRAD

fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965, med endring av 24. september 1978.

## § 1.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

## § 2.

Rådet skal ha 13 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnst av Stortinget og 9 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. To av dei 9 medlemmene med varamenn skal oppnemnst etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund. Alle oppnemningane gjeld for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

## § 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet må oppnemninga godkjennast av departementet.

## § 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegnar i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvde til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

## § 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller 2 medlemmer bed om det. Rådet og arbeidsutvalet er vedtakstare når minst halvta av medlemmene er til stades. Ved røyting blir sakene avgjorde ved vanleg fleirtal. Står røytinga likt, er det røytinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

## § 6.

Rådet drøfter og avgjør alle viktige saker, eventuelt etter at det er forebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjørt om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjørd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggast fram for Rådet i neste møte.

## § 7.

Utgifter til rådemøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

## MØTE I ARBEIDSUTVALET

Arbeidsutvalet i 1977—78 var desse fem: Hartvig Kiran, Anne Breivik, Kåre Holt, Håkon Johnsen og Arne Nordheim med vararene Halvor Landverk og Anton Skulberg. Etter Hartvig Kirans bortgang har Edvard Beyer møtt i Arbeidsutvalet.

Arbeidsutvalet har hatt fire vanlege møte: 12. januar, 8. februar, 22. mai og 29. august, og eit skriftleg møte i juni.

Arbeidsutvalet gjer vedtak i løyvingssaker opp til kr 50 000 innanfor ramma av avsetjingar, og ferbuu elles saker for Rådet.

## MØTE I RADET

Rådet har i alt hatt sju møte: 26. januar, 8. mars, 26. april, 8. juni, 3. oktober, 7. november og 5. desember.

Til møte 5. desember var vararene innbedne. Møte 8. juni vart halde på Voss i samband med reisa 7.—9. juni som Kulturrådet gjorde i Hordaland tyke dette året.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet er alltid innbeden til å vere til stades på rådemøta.

## UTVAL OG UTGREIINGAR

## Faste utval:

1) *Det faglege utval for litteratur:*  
Programredaktør Hartvig Kiran\*, formann, s.d.m. direktør Erling Fjellbirkeland, bibliotekdirektør Else Granheim, redaktør Audgunn Oltedal.

2) *Utvalet for utgjevinga av eldre norsk litteratur (Klassikerkommisjonen):*

Bibliotekar Grete Dahl, formann, dosent Vigdis Ystad (Universitetet i Oslo), professor Bjarte Birkeland (Universitetet i Bergen), rekneskapsjef Halvard Sletten.

\* Etter Hartvig Kirans bortgang vart professor Beyer oppnemnd til ny formann.

3) *Barnelokalutvalet:*

Redaktør Audgunn Oltedal, formann, teiknaren Arne Johnsen, forfattaren Tordis Ørjaseter.

4) *Utvalet for tilskott til verdfulle omsetjingar:*

Professor Arne Hannevik, formann, forlagsjef Birger Huse, programredaktør Yngvar Uatvedt.

5) *Ankenemnda for innkjepsordninga:*

Dosent Rolf Nyboe Nettum, formann, forlagsbokhandlar Arne Damn, statsstipendiat Ivar Eakeland, sokneprest Arne Preis, forskn. stp. Helge Rønning, forfattaren Dag Skogheim.

6) *Utvalet for norsk litteratur i utlandet:*

Forfattaren Ebba Haslund, formann, underdirektør Helele Andersen, forfattaren Camilla Carlson, lektor Carl Hambro, forlagsredaktør Gordon Helmebakk.

7) *Tidsskriftutvalet:*

Forfattaren Petter Larsen, formann, forfattaren Ebba Haslund, rektor Helge Ytrehus.

8) *Musikkutvalet:*

Komponisten Arne Nordheim, formann, komponisten Egil Hovland, rektor Odd Leren, kapellmeister Egil Monn-Iversen, musikaren Frøydis Ree Wekre.

9) *Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk:*

Kapellmeister Egil Monn-Iversen, formann, universitetsbibliotekar Øystein Gaukstad, komponisten Johan Kvandal, redaksjonsjef Gunnar Rugstad.

10) *Sakkunnig nemnd for Materialfondet:*

Professor Anton Skulberg, formann, målareren Jarar Lunda, bilethoggaren Hugo Wathne, grafikeren Willi Storn, teiknaren Berit Østeng, tekstilkunstnaren Sidsel Karlson.

11) *Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:*

Direktør Knut Berg, formann, sjefarkitekt Dag Brønne, keramikaren Yngvild Fagerheim, målareren Knut Frøysaa, bilethoggaren Odd Hilt, tekstilkunstnaren Turid Holten, arkitekt Bengt Espen Knutsen.

12) *Utvalet for innkjep av norsk samtidskunst:*

Mag.art. Gerd Woll, formann, bilethoggaren Kristian Kvakland, målareren Jan Thomas Njerve, grafikeren Oddvar Løkke, tekstilkunstnaren Ase Frogner, keramikaren Lisbeth Døhlin.

13) *Det sakkunnige utval for samisk kunst og kunsthåndverk:*

Rektor Edel Hætta Eriksen, formann, museumssassistent Berit Marit Hætta, målareren Iver Jåks, reiselgar Martha Jåms, humor Kala Andersen, styrar Mary Mikalsen Samuelsen, kunsthåndverikaren Johan Rist.

14) *Nemnda til fremjing av tiltak for samisk litteratur:*

Rektor Jon Eldar Eidejord, formann, kontorsjef Reidar Hirst, student Per Jernsletten, student Lill Vesterfjell Kalstad, lærar Inga Ravna Eira Kesitalo, mag.art. Ole Henrik Magga, kunstnaren Ingunn Utul.

15) *Utvalet for samisk musikk:*

Amanuensis Nils Jernsletten, formann, student Ellen Marit Dunfjell, universitetslektor Thor Frette, komponisten John Persen, barnhagekonsulent Laila Somy Sandvik, museumslektor Bjørn Aaræth.

16) *Utvalet for trygging av høgt prioriterte fornamne:*

Professor Anders Hagen, formann, professor Sverre Marstrander, konservator Kristen Melienhus, museumsdirektør Oddmund Møllerop, professor Poul Simonsen.

17) *Utvalet for lokalhistorisk arbeid:*

Fylkeskonservator Halvor Landsverk, formann, professor Rolf Fladby, professor Knut Mykland.

18) *Utvalet for byggesaker:*

Museumsdirektør Farteh Valen-Sendstad, formann, arkitekt Gaulte Bealrud, arkitekt Ulf Colbjørnsen.

## Mellombels utval

1) *Utvalet for koordinering av registrering av faste kulturminne:*

Professor Anders Hagen, formann, dosent Erik Langdalen, instituttjef Egil Tombre, fagrådsretreter Anne Lise Hilmen, sekretariatsleiar Erik Aas Jr., direktør Ingeborg Lyche.

2) *Utvalet for bevaring av gamle fartøy:*

Direktør Halvard Bjøvik, formann, registreringsleiar Fredrik Dennecke, sjefartedirektør Modolf Hareide, Håkon Johnsen, fylkesrådmann Svein Lundevall, direktør Svein Mølsaug, Lars T. Flatou.

Utvalet gav tilråding til Norak kulturråd 20. juni 1978.

3) *Utvalet for utgreiing om Statens Håndverks- og kunstindustriekole og Bergens Kunsthåndverksskole:*

Professor Arnljot Strømme Svendsen, formann, professor Otto Bastiansen, fylkeskolesejef Olaf Kortner, tekstilkunstnaren Bente Sætrang, grafikeren Anne Breivik, interiørarkitekt Cato Mansrud, lærar Roar Høyland, student Per Haavind, overlærer Erling Dale, student Trine Krogaeth.

4) *Utvalet for vurdering av verkemnda ved Kontoret for norsk litteratur i utlandet:*

Sjefredaktør Tim Greve, formann, leiar for Norak forfattersentrum, Eilinnor Kolstad, forlagsdirektør Brkt Jensen.

Utvalet leverte tilråding til Norak kulturråd 23. mai.

## TILRADINGAR OG FRÅSEGNER FRA NORSK KULTURRÅD TIL KYRKJE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENTET:

1. Årsmelding 1977 (St. meld. nr. 54 for 1978—79).
2. Tilråding om fordeling av midlar frå Norak kulturfond 1978.
3. Framlegg om løyving til Norak kulturråd for 1979.
4. Framlegg til stillingsbudsjett for Norak kulturråd 1979.
5. Fråsegn av 24.4.78 om utgreiinga frå ungdomsutvalet om lov om oppvekstmiljøet (NOU 1978:1).
6. Fråsegn av 21.8.78 om dokumentasjonsenter for kulturspørsmål.
7. Fråsegn av 14.12.78 om nordisk radio og TV via satellitt.

## SAMARBEID MED ANDRE INSTITUSJONAR OG ORGANISASJONAR

Samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet er omtalt i neste kapittel: Koordinering med statsbudsjettet. Kulturrådet har samarbeid og kontakt med ei rad institusjonar, organisasjonar og råd med tilgrensande arbeidsfelt.

**Norges almenvitenskapelige forskningsråd**

I 1978 vart det sett ned eit særskilt samarbeidsutval mellom Norsk kulturråd og Rådet for humanistisk forskning i Norges almenvitenskapelige forskningsråd. Utvalet skal drøfte saker og søknader som ligg i grensefeltet mellom dei to råda og dessutan kome med tilrådingar i saker av sams interesse. Det vart halde to utvalsmøte i året.

Det er elles stadig kontakt mellom administrasjonane i dei to råda om saker som ligg i grenseområda. Det kan vere lokalhistorie, utgjeving av essayistikk, innsamlings- og registreringsarbeid av ulike slag.

**Riksantikvaren**

Riksantikvaren er Kulturrådet sin faglege rådgjevar i saker som gjeld vern av hus, anlegg og miljø. Kulturrådet bed òg om fråsegn frå fylkeskonservatorane, slik at Rådet får både lokal og sentral prioritering før det gjer endeleg vedtak.

**Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer**

Styret i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer er fagleg rådgjevar for Kulturrådet i saker som gjeld musea, både nye musébygg og andre større tiltak. Ein høyrer òg kva fylkeskonservatorane meiner.

**Statens bibliotektilsyn**

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utval for litteratur og er med i alle drøftingar med forlag og forfattarar om innkjøpsordninga. Det er Bibliotektilsynet som avgjer korleis bokinnkjøpa skal fordelast til biblioteka. (Sjå kap. III, Litteratur.) Kulturrådet nyttar både dei rådgjevande komitéane i Bibliotektilsynet: Den rådgjevande komité for folkebiblioteka og Den rådgjevande komité for skule- og ungdomsbibliotek.

**A/L Biblioteksentralen**

Rådet samarbeider med Biblioteksentralen i alle praktiske spørsmål som gjeld dei to innkjøpsordningane: Innbinding, ekspedisjon og anna.

**Statens bygge- og eigedomsdirektorat**

Direktoratet har ein fast observatør i Utvalet for kunstnarleg utamyking av offentlege bygg. Kulturrådet reknar med at denne observatørordninga bør halde fram, også etter at dei nye retningslinjene for kunstnarleg utamyking av nye statsbygg er gjennomførde.

**Riksinspektasjonen**

Kulturrådet har kontakt og samarbeider med Riksinspektasjonen i alle saker som gjeld tilskott til konsertar eller andre større musikktiltak rundt i landet. Det same gjeld Riksteatret ved søknader om tilskott til friske sceniske grupper, og Riksgalleriet om turnear med biletkunst. Rådet har òg kontakt med Norsk Forfattarsentrum om til dømes litterære festivalar eller litteratur- og lyrikkdagar.

**Norske Kommuners Sentralforbund**

I 1977 vart Norsk kulturråd utvida med to medlemmer, nemnde opp ved kongeleg resolusjon etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund. Rådet har kontakt og samarbeider med Sentralforbundet i fleire saker. Særleg gjeld dette konferansar og utgreiingsarbeid. Sentralforbundet hjelper òg til med å sende informasjon og fråsegnar frå Rådet til kommunar og fylkeskommunar.

**Statens ungdomsråd og Statens Idrettsråd**

Frå 1977 vart det skipa til faste møte mellom Statens ungdomsråd, Statens Idrettsråd og Norsk kulturråd. Det er vedteke at desse råda skal sende ut eit sams tidskrift for lokalt og regionalt kulturarbeid. Alle råda har oppnemnt ein representant kvar til eit redaksjonsutval som saman med den tilsette redaktøren skal vere ansvarleg for ei prøveordning med eit slikt sams informasjonsorgan.

**Regionale og lokale råd og institusjonar**

Rådet legg vekt på eit nært samarbeid med dei regionale råda Nordnorsk Kulturråd og Nordnorsk Musikkråd, og med regionale kunstnarorganisasjonar. Når det gjeld tiltak for samisk kultur, har Rådet i tillegg til sine egne rådgjevande utval kontakt med Norsk Sameråd, Norske Samers Riksforbund og Nordisk Samisk Institutt.

Kulturrådet har nær kontakt og samarbeid med dei fylkeskommunale kulturstyra. Kvart år skipar Rådet til ei reise i eitt av fylka og har då konferansar med representantar for dei kommunale og fylkeskommunale kulturstyra. I 1978 gjekk turen til Hordaland.

**NORSK KULTURRÅDS PRISAR 1978**

Æresprisen for 1978 vart gjeven til Olav Dalgard etter samrøystes vedtak i Norsk kulturråd 11. november 1978. I si grunnleggjande seier Rådet mellom anna:

«I heile sitt liv har Olav Dalgard vart kulturarbeider — en trufast sliter på mange

fronter i norsk kulturliv. Til daglig konsulent ved Det Norske Teatret — ble ansatt i 1931 på halv lektorlønn. Han kan se tilbake på 48 års virke ved teatret, i de første 30 år alene — i dag er det 6 om dette arbeidet. Det Norske Teatret har kjempet seg fram gjennom motber og kriser. I dag er nynorskteatret anerkjent og respektert som et kunstnerisk framstående teater ikke bare her til lands. Olav Dalgard kan trygt ta sin del av æren for det.

Dalgard har også vært nybrottsmann for teatervitenskap og teaterforakning — disipliner som ikke har vært representert ved Det Kongelige Frederiks før i slutten av 50-åra. Mens teatervitenskap har hatt lærestoler i mange år i våre naboland og ved universiteter i Europa, Olav Dalgard fikk æren av å holde åpningsforelesningen og foreleste senere 10 år ved Statens teaterskole da den ble til.

I årene før krigen skapte Olav Dalgard en rekke dokumentariske filmer fra arbeidsmiljø: Fyrstikkarbeiderens kamp mot svovelhelvete, skogarbeidernes kamp for menneskelige arbeidsvilkår, konflikten by-land og en film om bekjempelse av alkoholinnsbrenning. Et par av filmene ble reddet fra å bli til skosverte under krigen, og disse verdifulle historiske filmene befinner seg i dag i Norsk filminstitutt. Dalgard var for øvrig den som i sin

tid tok opp arbeidet med å få grunnlagt et norsk filmmuseum.

En ikke uvessentlig del av sitt liv har Olav Dalgard levd mellom bøker og manuskripter. Som konsulent kom han til å bety meget for utviklingen hos en dikter som Tor Jonsson. Mange norske dramatikere har i årenes løp fått verdifull hjelp i utformingen av sine teaterstykker, et tidkrevende og hardt arbeid — sju år tok det for eksempel før «Elskeplansen» av Tarjei Vesaas, som omhandler taprens psykologi og skjebne, var forandret fra det første utkastet til det hadde premiere.

Olav Dalgard har vært konsulent i Tiden Norsk Forlag, formann i Norsk Bygdekunslag, stridsmann for nynorsk språk, var og er bokanmelder i Arbeiderbladet, medlem av Den Norske Forfatterforbunds litterære råd. Han har gitt ut en rekke bøker.

Som sosialist og humanist har Olav Dalgard utrettelig og bevisst kjempet for arbeiderens egen kultur og dermed for en større forståelse for arbeiderens plass i vårt lands historie. I hele sitt voksne liv har han drevet en vidstrakt foredrags- og forelesningsvirksomhet.

Det andre prisene som Norsk kulturråd har delt ut i 1978 er: Musikprisene til Arve Tellefsen, Omsetjarprisen til Axel Amlie, Lokalhistorisk pris til Einar Hovdhaugen.

**KAPITTEL II****Koordinering med statsbudsjettet****KYRKJE- OG UNDERVISNINGS-DEPARTEMENTET**

Rådet vil som i alle tidlegare år få seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, eit samarbeid som er ein føresetnad for ein koordinert nasjonal kulturpolitikk og naturleg kulturvokster. Sjelvstågt gjeld dette fyrst og fremst Kulturavdelinga i departementet, men Rådet har òg kontakt og samarbeid med andre avdelingar: Avdeling for vaksenopplering og folkeopplysning i saker som gjeld kurs, seminar, særlege tiltak ved folkehøgskolane o.a., og med Skuleavdelinga mellom anna om tiltak for samisk kultur.

Som hovudregel gjeld at Kulturrådet ikkje gjev stønad til slike tiltak som kan få statstilskott under fastsette tilskottsordningar. Som nemnt i årsmeldinga for 1977 reknar Rådet

med at etter kvart som ordninga med statstilskott til kulturarbeid i fylke og kommunar blir utbygd, vil tilhøva mellom Norsk kulturfond og overføringsmidlane til kulturstyra bli vel så viktige som tilhøva til tilskottsordningar og regelverket i departementet.

**MILJØVERNDEPARTEMENTET**

Rådet vil også halde fram med å bygge ut det naturlege samarbeidet med Miljøverndepartementet i saker som gjeld kulturvern. Rådet seier seg glad for det auka løyvingane til Riksantikvaren sitt arbeid og vonar at det etter kvart vert mogeleg for Riksantikvaren å ta seg av fleire av restaureringsoppgåvene, slik at Norsk kulturråd kan kome inn når det gjeld større elngongsoppgåver eller nye prøveprosjekt.

## UTANRIKSDEPARTEMENTET

Norsk kulturråd samarbeider med Presse- og kulturavdelinga i Utanriksdepartementet i saker som gjeld tiltak for norsk litteratur, musikk eller biletkunst i utlandet.

Kulturrådet har i 1978 og hatt kontakt med Landbruksdepartementet og Kommunal-

departementet om samiske saker og om kulturbygg/miljøbygg, og med Sosialdepartementet om kulturarbeid for funksjonshemma og for born.

Kulturrådet vil på nytt få streke under at det trengst tverrfagleg og tverrdepartemental kontakt mellom alle statlege instansar som arbeider på kulturområdet.

## KAPITTEL III

## Tilskott

## INNLEIING

Ved kongeleg resolusjon av 3. mars 1978 vart det fastsett denne hovudfordelinga av leyvinga til Norsk kulturfond, 43 mill. kroner: (Del tilsvarende tala for 1977 står i parentes.)

	1978	(1977)
Litteratur	15 400 000	(13 200 000)
Tidskrift	900 000	( 700 000)
Musikk	3 600 000	( 3 200 000)
Biletkunst og kunsthåndverk	5 200 000	( 4 700 000)
Kulturvern	4 200 000	( 3 800 000)
Samisk kultur	700 000	( 700 000)
Kulturbygg	8 800 000	( 8 800 000)

## Utgreiingar, utval,

publikasjonar	700 000	( 700 000)
Andre føremål	1 400 000	( 800 000)
Administrasjon	2 100 000	( 1 900 000)

Til saman 43 000 000 (38 500 000)

I alt kom det i 1978 inn 1 134 søknader (1976: 987, 1977: 984), med ein samla søknadssum på 91,9 mill. kroner. Søknader som Riksantikvaren har sendt over til vidare handsaming i Kulturrådet er ikkje medtekne, heller ikkje søknader om lån frå Materialfondet. Det er difor vanskeleg å gje ein klar søknadssum. Mange søknader nemner ikkje nokon viss sum, men søker om størst mogleg tilskott.

## SØKNADSOVERSYN FR. 31. DESEMBER 1978

(Tala for 1977 er førte opp ved sida av)

	Talet på søknader		Total søknadssum	
	1978	1977	1978	1977
Litteratur	184	141	2 591 079	4 688 242
Tidskrift <sup>1)</sup>	68	43		
Musikk	157	139	7 910 519	4 986 902
Biletkunst og kunsthåndverk <sup>2)</sup>	317	202	12 164 638	7 044 077
Kulturvern <sup>3)</sup>	216	246	10 655 981	15 379 301
Samisk kultur	54	57	1 314 281	1 106 006
Kulturbygg	40	32	50 101 196	18 553 000
Andre føremål	98	88	7 196 019	5 864 519
I alt	1 134	948	91 983 698	57 121 847

<sup>1)</sup> Etter den nye tilskottsordninga for tidskrift blir ikkje søknadssum nemnt.

<sup>2)</sup> Søknader om lån frå Materialfondet er ikkje medrekna.

<sup>3)</sup> Saker sende over frå Riksantikvaren er ikkje medrekna.

## LITTERATUR

Ved kongeleg resolusjon av 3. mars 1978 vart det sett av kr 15 400 000 til litterære føremål delt slik:

1. Innkjøpsordninga	kr 10 000 000
Underskott frå 1977 og 1978	> 2 000 000
2. Barne- og ungdomslitteratur	
a. Innkjøpsordninga	> 1 500 000
b. Andre tiltak	> 150 000
3. Nyutgjeving av eldre norsk litteratur	> 200 000
4. Essayistikk	> 140 000
5. Verdfulle omsetjingar	> 200 000
6. Arbeid for norsk litteratur i utlandet	> 100 000
7. Ny norsk dramatik	> 285 000
8. Omsetjarpris	> 15 000
9. Nynorsk litteratur	> 600 000
10. Til rådvalde	> 230 000
	kr 15 400 000

I alt kom det inn 184 søknader om stnsad til litteraturføremål i 1978 (141 i 1977). Samla søknadssum kr 2 591 079 (kr 4 688 242 i 1977). I dette talet er utgiftene til bøkene på del i innkjøpsordningane for skjønnlitteratur og barne- og ungdomslitteratur ikkje rekna med.

	1978	(—65	—66	—67	—68	—69	—70	—71	—72	—73	—74	—75	—76	—77*)
Prosa	136	( 76	88	74	90	75	85	84	92	94	92	92	118	130)
Lyrisk	104	( 43	48	48	51	60	65	68	66	88	65	74	105	115)
Skodespel	10	( 5	12	5	11	5	8	6	5	7	7	7	8	7)
Til saman	250	(124	148	127	152	140	158	158	163	189	164	173	231	252)

\* Korrigerte tal etter at arbeidet med ordninga var avslutta i juni 1978.

Ved utgangen av året var arbeidet med vurderinga av desse bøkene enno ikkje ferdig, korkje når det galdt Universitetsbiblioteket si klassifisering eller Statens bibliotektilsyns rådgjevande utval for folkebibliotek si vurdering. Kor mange av dei innkjøpte 250 bøkene som eventuelt blir underkjende eller som fell ut på grunn av klassifiserings, er det difor for tidleg å seie noko om.

Som eit tiltak for å redusere utgiftene til innkjøpsordninga noko, har Rådet vedteke at det berre skal kjøpast inn ei bok av kvar forfattar om ikkje heilt særskilde grunnar ligg færa.

Medlemene i Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som òg er medie-

## 1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur

Det vart satt av kr 10 000 000 i 1978. I tillegg vart det sett av kr 2 000 000 til å dekkje underskottet for innkjøpsordninga 1977. Underskottet dette året vart om lag kr 2 579 025.

I 1978 blir endringa i avtalen av desember 1977 praktisert for første gong. Endringane går i hovudsak ut på at forlaga må betale tilbake innkjøpssum og Rådet sin del av utbetalt royalti, dersom ei bok blir underkjent av Bibliotektilsynet. Det står att å sjå kva verknad endringane vil føre med seg, då arbeidet med 1978-ordninga ikkje blir avslutta før på førstmarsen 1979.

Rådet vonar på ei stabilisering av talet på nye bøker som skal kjøpast inn.

## Omfanget av innkjøpsordninga

Det vart kjøpt inn 250 skjønnlitterære bøker til folkebiblioteka i 1978. Liste over bøkene er prenta som undervedlegg nr. 1. Tala nedanfor syner korleis bøkene fordeler seg på prosa, lyrisk og skodespel. (Tala for 1965—77 står i parentes.)

med av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 244 titlar. Forlag som berre er tilalutt Norsk Forleggersamband melde på ei bok til innkjøpsordninga 1978, men heldt ho attende i påvente av Bibliotektilsynet si handsaming. Denne boka kom ikkje med på lista over tilrådde bøker og kom såleis ikkje med på ordninga. Frå forlag som er medlemmer av begge forleggarorganisasjonene, vart det kjøpt inn 17 bøker. Tre forlag som ikkje er organiserte fekk kjøpt inn seks bøker etter søknad. Om lag 32 bøker er førebels avviste frå ordninga, anten av di forfattaren hadde ei anna bok med på ordninga, av di det vart klassifiserte utanfor den automatiske ordninga, av di det var dokumentarbøker eller dei var søkt innkjøpte av

norganiserte forlag og vart underkjende av Det faglege utval for litteratur på grunnlag av konsulentvurdering.

Ankenemnda handsama i alt 20 bøker frå 1977, av dei 14 bøker som hadde fått anna klassifisering enn den som ordninga omfattar og seks bøker der det litterære innhaldet vart vurdert.

Av bøkene på innkjepsordninga 1977 var det dessutan 40 som ikkje kom med på Bibliotektilsynet si liste over bøker til folkebiblioteka. Då det vart slutt på systemet med vurderingsliste etter dei siste revisjonane av avtalen, vart det i 1978 ikkje handsama ankesaker som vedkom desse bøkene, av di utfallet av ei slik handsaming ikkje ville ha nokon økonomisk verknad korkje for forlaga eller Rådet. Forlaga fekk melding om Bibliotektilsynet si avgjerd for sine bøker.

Av di talet på bøker i 1978 var så høgt, måtte Biblioteksentralen sende bøkene til biblioteka i fem puljer. Første pulje gjekk frå A/L Biblioteksentralen 12. oktober 1978 og inneheldt 52 titlar, andre pulje gjekk 6. desember og var på 50 titlar, tredje 12. januar 1979 og var på 40 titlar, fjerde 9. mars 1979 med 60 titlar, og femte pulje gjekk ut 22. juni 1979 med 40 titlar. Det er ikkje mogeleg å få ut bøkene tidlegare på grunn av den store mengda bøker.

#### Utgiftene ved innkjepsordninga

I årsmeldinga for 1977 er utgiftene til ordninga i 1977 oppgitt etter berekna utgifter på grunnlag av dei opplysningar som låg føre til då. Dei endelege tala er desse:

	1978	1975	1974	1975	1976	1977
Prosa .....	42,83	31,58	38,24	44,24	49,99	54,53
Lyrisk .....	46,42	23,35	27,35	20,21	34,42	38,89
Skodespel .....	62,30	27,29	38,14	40,64	52,31	52,29

Medan ein hadde ein heller moderat prisauke frå 1976 til 1977 (ca. 9 pst. på prosa, ca. 13 pst. på lyrikk) fekk ein som det vil gå fram av oppstillinga, ein ganske kraftig auke i bokprisane i 1978 (ca. 15 pst. for prosa, ca. 19,5 pst. for lyrikk).

#### 2. Stenad til barne- og ungdomslitteratur

Rådet sette av kr. 1 650 000 i 1978 delt slik:

- a) Innkjepsordninga for barne- og ungdomslitteratur ..... kr 1 500 000  
b) Andre tiltak ..... » 150 000

Kjøp av 252 titlar .....	kr 6 718 722
Innbinding, ekspedisjon .....	» 1 822 000
Frakt .....	» 196 134
Honorarforskott 1977 .....	» 1 893 187
Honorar for sal i 1976 (utbetalt i 1977) .....	» 409 553
Til saman .....	kr 10 839 596

Dette er ei overakriding på kr. 2 839 596. Kulturrådet sette av 2 mill. kroner i 1978 til å dekkje underskottet frå 1977. Resten må dekkjast av fondsmidlar i 1979.

Utgiftene for innkjepsordninga 1978 vil med utgangspunkt i 250 innkjpte titlar bli slik:

Kjøp av 250 000 bøker .....	kr 7 687 500
Innbinding og ekspedisjon .....	» 2 117 500
Frakt .....	» 215 000
Honorarforskott 1978 .....	» 2 072 954
Honorar for sal i 1977 (utbetalt i 1978) .....	» 642 585
Til saman .....	kr 12 735 539

Dei endelege tala vil komme i årsmeldinga for 1979.

Den oppstillinga som følgjer her, viser korleis prisane på dei innkjpte bøkene har utvikla seg. Prisane gjeld for hefta bøker i bokhandel. Tala for 1973—77 er tekne med til samanlikning:

Avtalen for innkjepsordninga for barne- og ungdomsbøker vart av partane vedteken førabels for 1978. Det er avtalt drøftingar om fornying av avtalen med partane straks på nyåret 1979.

Innkjepsordninga for barne- og ungdomslitteratur fekk full verknad for første gong i 1978 med innkjep av 1 000 eksampar av kvar påmeldt bok og elles etter søknad frå uorganiserte forlag.

Bøkene blir leverte til A/L Biblioteksentralen som bind dei inn eller plasar dei, gir dei bibliotekutstyr og sender dei til folkebibliotek eller institusjonar etter tilråding frå dei lokale

bibliotekstyra. I 1978 har og del pedagogiske høgskulane fått boksett. Det er ikkje teke avgjerd om dei pedagogiske høgskulane skal få bøker etter 1978. 1978-bøkene blir truleg sende ut i april 1979.

Utgiftene til innkjepsordninga for barne- og ungdomslitteratur kan bereknast til å bli om lag desse:

Kjøp av 89 000 bøker .....	kr 1 664 300
Plasting, ekspedisjon .....	» 620 000
Frakt .....	» 86 000
Honorarforskott .....	» 500 000
Til saman .....	kr 2 870 300

Dette er ei overakriding på kr. 1 370 300 som må dekkjast av fondsmidlar 1979.

Rådet sette av i alt kr. 150 000 til Andre tiltak i 1978. Rådet heldt i februar 1978 ein konferanse om barneblad på Voksensiden. Utgiftene til konferansen var kr. 17 300.

Etter tilråding frå Barnebokutvalet (sjå kap. I Utval og utgreingar) har Rådet gjeve desse tilskotta til kunstnarleg illustrerte barnebøker og til andre tiltak:

#### Aschehoug:

H. Nordberg: Sofie og Amanda ..	kr 12 000
Mette Newth: Nora og ordene .....	» 9 000
Inger Hagerup/Tonje Strøm	
Aas: Hulter til bulter .....	» 15 000

#### Gyldeidal:

A. Riis/K. Scheen: Innover i parken .....	» 10 000
T. Hansen: Gartnarrens tre .....	» 13 000
R. A. Nilssen/B. M. Løveid: Da Karlisen døde .....	» 11 000

#### Pax Forlag:

J. Bech-Karlisen: Beluto og Jepsersen .....	» 5 000
---	---------

#### Cappelen:

Thorbjørn Egner: Muskantene kommer til byen .....	» 10 000
I. M. Gaarder: Barna i Sri Lanka .....	» 9 350

#### J. W. Eide:

Z. Hopp/R. J. Berle: Papegøyen ..	» 5 000
Reidar Johan Berle: Vår vesle jord ..	» 10 000

#### Assistansens forening:

15 punktakrifbøker .....	kr 25 000
Barnebladkonferanse .....	» 17 301
Fraktutgifter .....	» 161

Til saman .....

#### Tilskott til barneblad

I samsvar med tilråding frå Barnebokutvalet har Rådet gitt desse tilskotta:

Nye Glimt .....	kr 15 000
Magne .....	» 20 000
Norsk Barneblad .....	» 25 000
Blåveisen .....	» 10 000

Til saman .....

Tilskotta er tekne av avsetjingane til disposisjon litteratur og til generell disposisjon.

#### 3. Utgjeving av eldre norsk litteratur

Til dette føremålet vart det sett av kr. 200 000. Klassikerkomiteén (sjå kap. I Utval og utgreingar) har handsama alle søknader om produksjonstilskott til nye utgåver av eldre norsk litteratur som anten er gått ut av handelen eller berre finst som del av større samleverk og som ikkje kan kjøpast i ein-skilde band.

Etter tilråding frå komiteén har Kulturrådet i 1978 gjeve desse tilskotta:

#### Det Norske Samlaget:

Olav Sletto: Per Sjel .....	kr 6 000
Rasmus Løland: Kor vart det av jula? .....	» 5 000

#### Gyldeidal:

Gro Holm: Løstelsfolket .....	» 9 600
Inge Krokann: I Dovre-ano .....	» 8 200

#### Cappelen:

Hans Jæger: Anarkiets bibel .....	» 12 000
-----------------------------------	----------

#### Dreyer:

Alf Larsen: Nattotanker .....	» 12 000
Ingeborg Møller: Romantrilogi ett band (Job Sveinungson, Vandringsmannen og Herrans regn) ..	» 25 000

## Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1978

**Aseheoug:**

Kristofer Uppdal: Isbergakalden (dikt i utval ved Vigdis Ystad) kr	12 000
Arnulf Øverland: Berget det blå >	7 000
Arnulf Øverland: Samlede dikt I og II >	23 000
Hans E. Kinck: Skuespill I og II >	56 000

**Noregs Boklag:**

Halvor Floden: Skogen og vidda >	10 000
----------------------------------	--------

**Snefugl Forlag:**

Ola Setrom (til første band i romantrilogi) >	7 500
---	-------

**Arbeidernes Forlag:**

Hans Børil: Det smalle skott >	4 000
--------------------------------	-------

**Nordnorsk Magazin:**

Kjølnevisa i gjendiktning v/Idar Kristiansen >	2 000
--	-------

Til saman	kr 199 300
-----------	------------

Rådet har gjeve desse tilsegnene for 1979:

**Snefugl Forlag:**

Ola Setrom (til andre bandet i romantrilogi) >	6 800
--	-------

**Aseheoug:**

Arne Garborg: Mannfolk >	12 000
Arne Garborg: Hjä ho mor >	16 000

**4. Essayistikk**

Til dette føremålet vart det sett av kr 140 000. Klassikerkomiteén skal gje tilsråding om tilskott til utgjeving av norsk essaylitteratur, til litterære eller kulturhistorisk verdifulle biografier, memoarar eller brev-samlingar. I samsvar med tilsrådingar frå komiteén har Rådet gjeve desse tilskotta:

**Det Norske Samlaget:**

Norsk Litterær Arbok 1978 >	kr 86 000
-----------------------------	-----------

**Aseheoug:**

Eugenia Kielland: En vennebok >	5 000
Sven Kærup Bjørneboe: De store bortforklaringar >	6 800

**Cappelen:**

H. Rieber-Mohn: Fluer i munnen >	13 000
----------------------------------	--------

**Pas:**

Jens Bjørneboe: Om teater >	kr 10 000
-----------------------------	-----------

**Gyldendal:**

Carl Hambro: Bok om Jens Bjørneboe >	12 000
Einar Økland: Skrivefrukter >	12 000
Harald Noreng (red.): Ibsen på læringsuniversitetet >	9 000

**Tanum-Norh:**

Olav Dalgard: Kunst og kunstnarar frå Oppdal >	15 400
--	--------

**Noregs Boklag:**

Bok om Olav H. Hauge >	6 000
------------------------	-------

**Stole Forlag:**

Bok om Olav H. Hauge >	6 000
------------------------	-------

**Tiden Norsk Forlag:**

Kathinka Jensen: Michaloff Wigdehl (biografi) >	9 000
---	-------

Til saman	kr 140 000
-----------	------------

**5. Tilskott til verdifulle omsetjingar**

For 1978 var det sett av kr 200 000. Omsetjingsutvalet (sjå kap. I Utval og utgreingar) gjev tilsråding om tilskott til verdifulle omsetjingar. Etter tilsråding frå utvalet har Norsk kulturråd gjeve desse tilskotta:

**Cappelen:**

Graham Greene: Barn av England	kr 3 400
Guy de Maupassant: Forgjeves skjønnhet og andre noveller >	2 800
George Orwell: Veien til Wigan >	2 800
— Vi må ha en aspidistra >	3 900
J. Cheever: Falconer >	2 700
F. Theroux: The Consul's File >	2 500
J. Luis Borges: El libro de arena >	2 500
J. Raditsjov: Sperrebalongen >	2 300
Amos Oz: Kibbus >	3 900
G. M. Brown: Greenvue >	3 400
Mongo Beti: Le pauvre Christ de Bomba >	3 500
Timothy Findley: The Wars >	3 000
Arnost Lustig: En bønn for Katerine H >	2 000
Anais Nin: Dagbok II >	4 000
A. B. Yehoshua: Tidlig sommeren 1970 >	2 000
Yasar Kemal: Gresset som aldri dør >	3 500

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1978

## Vedlegg 1

**Gyldendal:**

Thomas Brasch: Sønnene der far fedrens >	kr 1 400
J. C. Cela: Pasqual Duarte >	1 700
G. Grass: Flyndra >	11 500
M. Kundera: Avskjedsvalsen >	3 100
Amos Oz: Min Michael >	3 900
Frank O'Connor: Noveller >	4 100
Isván Örkény: Familien Tót >	1 700
M. Rodoreda: Knust spell >	4 600
M. Drabble: Istid >	4 700

Dieter Wellershof: Sjimpansens skjønnhet >	3 100
Hans Frick: Den blå timen >	1 600
J. M. Arquedas: De dype floder >	4 600
André Glucksmann: Tenkemestrene >	4 000
Emile Durkheim: Selvmordet >	4 000
M. Atwood: Surfacin >	2 800
Roman Jakobson: Strukturalisme i litteraturvitenskapen >	3 000
Jurek Becker: Schlaflose Tage >	2 000
John Irving: The World According to Garp >	8 000
Valentina Rasputin: Proschanie S. Matjora >	2 500
Isván Örkény: Roseutstillingen >	2 000
G. O. Chateaubrynaud: Mathieu Chain >	2 000
Margaret Laurence: The Stone Angel >	3 500
Martin Walser: Ein fliehendes Pferd >	2 000
Edmund Wilson: Prinsessen med gullhåret >	2 500

**Aseheoug:**

Flodor Abramov: Pelageja og Alka >	1 800
Marilyn French: Kvinner >	8 500
R. K. Marayan: Skiltmaleren >	2 600
Suzanne Prou: Bernadins terrasse >	1 800
6 sydamerikanske forfattere: Exilio >	2 900

**Pas Forlag:**

Marke Percy: Små forandringer >	8 200
Karin Struck: Klassenliebe >	2 500
Heinar Kiliophardt: Mårtz >	3 000
Peter Weiss: Motstandens estetikk >	4 000

**Tiden Norsk Forlag:**

Leon Uris: Trinity >	6 800
Magnus Magnusson: Liv og tro i vikingtiden >	1 800

**Det Norske Samlaget:**

Tayeb Salih: Trekket mot nord >	2 300
---------------------------------	-------

**Forlaget Tanum-Norh:**

Felletté de Lammenals: Ord fra en troende >	2 000
---	-------

**Solum Forlag:**

Herman Hesse: Eventyr >	kr 2 300
Anton Tsjekov: Tre søstre >	1 700
Nikolai Gogol: Revisoren >	2 300
Nikolai Gogol: Julienatt og andre fortellinger >	2 500
Anton Tsjekov: Mitt liv >	2 500
Leo Tolstoj: Barndom >	3 000
Maurice Maeterlinck: Tre skuespill >	3 000
Annette von Droste-Hülshoff: Jødeboken >	2 000

Til saman	kr 200 000
-----------	------------

Rådet har òg gjeve tilsegn om tilskott i 1979 til ni bøker utan å nemne nokon tilskottsum.

**6. Norsk litteratur i utlandet**

I 1978 vart det sett av kr 100 000. Ad hoc-komiteén som vart oppnemnd i 1977 til å greie ut om verknadene av kulturfondstøtaden til norsk litteratur i utlandet (sjå årsmelding 1977) leverte tilsråding i 1978 om anten å slutte å gje stønad til norsk litteratur i utlandet eller å medverke til å opprette eit institutt til å ta seg av alle oppgaver som gjeld denne sektoren. Høringsrunden resulterte ikkje i nokon einfelt konklusjon. Rådet vil arbeide vidare med saka i 1979.

Olav Nordrå si bok Rød Høst i omsetjing av Erik Friis kom ut på Twaynes forlag i New York. Rådet har kjøpt 750 eksemplar som skal seljast i kommisjon av Grundt Tanum.

Etter forslag frå Utvalet for norsk litteratur i utlandet (sjå kap. I Utval og utgreingar) starta Kontoret for norsk litteratur i utlandet arbeidet med ein forfattarkatalog over eit avgrensa tal norske etterkrigsforfattare. Katalogen blir planlagt utgjeven på engelsk og vil komme i staden for brosjyra New Norwegian Books. Arbeidet held fram i 1979.

Avsetjinga er brukt slik:

Den norske Forfatterforening, til sekretær i halv stilling >	kr 80 000
Universitetsforlaget, til J. Vogt; Politikk og statsfornuft (engelsk utgåve) >	4 000
Den norske ambassade i New Dehli, til Tarjei Vesaas: Bruene (på bengali) >	3 200
Den norske ambassade i Madrid, til Jorge Padron: Norsk lyrikk-antologi >	10 000

kr 97 200

Restsummen er nytta til å dekkje ymse utgifter i samband med boka på Twaynes forlag.

### 7. Ny norak dramatikk

Den nye stønadsordninga for ny norak dramatikk som vart vedteken i 1977, vart praktisert frå 1978. Rådet kan gje stønad til 1) korttidsengasjement av norake dramatikarar ved dei faste teatra 2) utskrivning og kopiering av manuskript 3) omsetjing til engelsk (fransk) av skodespel som har vore opførte eller som er godkjende for opptøring vedkommande år.

Desse tilskotta er gitt:

#### Korttidsengasjement:

##### Nationaltheatret:

Sam O. Kjenne ..... kr 12 678  
Edvard Hoem ..... > 12 678

##### Teatret Vårt, Molde:

Marta Schumann ..... > 5 200

##### Olo Nye Teater:

Irmelin Munk ..... > 10 800  
Norvald Tveit ..... > 12 600

##### Trøndelag Teater:

Klaus Hagerup ..... > 10 500

#### Omsetjingar og ev. kopiering av skodespel:

Pål Sundvor: Kurdarabel ..... > 11 500  
Anders Bve: Kjærlighetens kamerater ..... > 11 500  
Nils-Reinhardt Christensen: Dobbeltstrøken ..... > 11 500  
Nicole Macé: Penelope's vev ..... > 11 500  
Tor Aae Bringsvård: Landet hvor alt er annerledes ..... > 13 650

#### Kopiering av skodespel:

Odd Selmer: Anna, Henrik og Cecilia ..... > 1 685  
Knut Horvei: Galehuset (omarb.) ..... > 1 655  
Knut Horvei: De profunderis ..... > 1 217  
Anders Bve: For åpen scene ..... > 3 339  
Tor Edwin Dahl: Lever du'a Karlisen ..... > 2 340  
Norvald Tveit: Peer Pearson ..... > 3 200  
Odd Selmer: En lærepenge ..... > 2 800

#### Andre tiltak:

Tilskott til Nationaltheatret sin barneteaterkonkurranse ..... > 70 000

Til saman ..... kr 210 342

Den ubrukte summen kr 54 658 går attende til Fondet.

### 8. Omsetjarprisen

Norak kulturråds omsetjarpris vart i 1978 gitt til Axel Amle. Prisen vart gitt for samla omsetjarproduksjon av høg kvalitet. Juryen var: Yngvar Utstvedt (Norak kulturråds omsetjingsutval), Heige Simonsen, Birger Huse og Torstein Bugge Høverstad (Norak Oversetterforenings Bastiankomité) og Harald Bergh (Norak Litteraturkritikerlag). Prisen vart delt ut ved ei tilstelling i Kunstindustrimuseet om kvelden den 5. desember.

### 9. Nynorak litteratur

Rådet sette av kr 600 000. Til Det Norske Selskapet er det løyvt kr 491 000. Melding om korleis tilskottet er nytta, er prenta som under vedlegg nr. 4. Dei andre forlaga har fått løyvt:

#### Noregs Boklag:

Olav Rytters omsetjing av Peer Gynt ..... kr 10 000  
E. Vandvik: Far etter menneske ..... > 10 000  
Halvor Fløden: Furuberg-Flan ..... > 8 000

#### Pax Forlag:

